
Frå: Haakon Aase <haa-aase@online.no>
Send: mandag 3. juni 2019 16:14
Til: Postmottak Meland
Kopi: Eirik Bouwer Utne; 'Arnt Brakstad'; Bjørnar Norvald Langeland; Eli Hillsersøy; Haakon Aase; Helene Olli Sollid; Kjersti Langenes Bøen; Marie Morken; Åse Grønsnes; Åsmund Aase Fluge
Emne: Elias Mjåtveit-huset, sak 18/2283

Hei!

Eg gjer merksam opp at Meland Sogelag og Meland Mållag sende to mailar til postmottak@meland.kommune.no den 27.05.19. Mailane er limte inn nedanfor. Vi har ikkje fått noka stadfesting av at mailane er mottekne, registrerte og sende vidare til adressatane, og vi er derfor usikre på om dei har nådd fram til dei rette vedkomande. Vi nemner at det elles er vanleg å få eit (elektronisk) svar på slike e-postar der dei vert stadfesta som mottekne. Vi bed derfor at det vert stadfesta at meldingane er mottekne og sende vidare til adressatane.

Beste helsing
Haakon Aase

*«Meland kommune
Ordførar
Byggjesak
Kultur*

Vi viser til vedtak som gjev løyve til riving av Elias Mjåtveit-huset på Mjåtveit. Sogelaget og mållaget er glade for at ein i kommunen har sett som vilkår at rivinga skal skje i samråd med Sogelag og Meland mållag og at det skal gjevast rom for utarbeiding av ein plan for demontering, deponering og atterreising av huset ein annan stad.

Men vi må understreka at vi fyrst fekk kjennskap til at det var gjort eit vedtak i saka etter at vi i mållaget mottok ein e-post frå Arne Mjåtveit den 25. mai d.å. Det vil seia på den dagen då det var sett ein frist for utarbeiding av ein slik plan. Vi har verken fått kopi av brevet til tiltakshavar eller på annan måte fått blitt orienterte om at det i det heile var gjort eit vedtak. Når vi er godkjende som interesserte partar i saka, og jamvel er tekne med som ein aktør i prosessen slik vedtaket i saka lyder, ville vi finna det heilt innlysande at vi enten fekk kopi av brevet eller vart orienterte på anna vis, innkalla til møte e.l. Det siste ville etter vårt syn vera naturleg ettersom vi har med ei etter måten stor kultursak å gjera her.

25. mai er såleis ein heilt urealistisk frist. Det skal også seiast at det å førebu ei slik sak for oss, vil gå i fleire ledd og ta noko tid. Det har vi også informert tiltakshavaren om og han har svart at han ikkje skal vera «vanskeleg» i så måte, noko vi set pris på. Vi vil sjølvsagt ta omsyn til tiltakshavars ynske om at det ikkje skal gå med urimeleg lang tid til dette arbeidet.

Som ein del av prosessen ligg det inne ein søknad til Meland kommune frå dei to laga om tilskot til ei meir utførleg tilstandsvurdering av bygningen, inkludert ein grundig dokumentasjon og utabeiding av teikningsmateriale. Denne søknaden skal det takast stilling til i slutten av mai månad d.å., har vi fått opplyst. Vi viser elles til utdrag av skrevet frå kommunen nedanfor:

Vi har vidare ein merknad til eitt punkt i skrivet frå kommunen. Som kjent har sogelaget og mållaget stått for ei førebels vurdering av bygningen basert på ei synfaring den 7. februar d.å. I skrivet frå kommunen heiter det at vi det må ei meir utførleg vurdering til for at ein skal kunna søkja midlar til eit bevarings- og flyttingsprosjekt. Det er for så vidt rett at det vil trengast meir dokumentasjon for at ein skal kunna gå vidare i prosessen og arbeida for fullfinansiering. Men Gamle 3Hus konkluderer med den varsamt optimistisk vurderinga at søknader om tilskot «antagelig vil kunne gi muligheter for tilskudd», også basert på den kulturhistoriske verdien bygningen representerer. Det er innlysande at eit firma som Gamle 3Hus ikkje kan «lova» nokon tilskot i noka som helst lei, men alt den førebelse vurderinga tilseier at sjansen er reell. Vi har sjølve vore i kontakt med Kulturminnefondet for å avklara om dei på prinsipielt grunnlag vil kunna gje tilskot også når det er snakk om flytting. Svaret er at det er mogleg.

*Beste helsing
Meland Sogelag og Meland Mållag
v/Haakon Aase»*

Vidare sende vi same dag ein mail der vi bad om eit møte med avdelingane Byggjesak og Kultur for å drøfta oppfylging av vedtak som var gjort i saka:

«Meland kommune

*Byggjesak
Kultur
Kopi til ordførar*

Sak: Elias Mjåtveit-huset, ref sak nr 18/2283

Vi viser til førre e-post frå Meland Sogelag og Meland Mållag og bed med dette om at laga våre får eit møte med Byggjesak og Kultur i høve oppfylging av vedtak om løyve til riving av Elias Mjåtveit-huset.

*Beste helsing
Meland Sogelag
Meland Mållag
v/Haakon Aase»*